

Møtereferat

Dato: 26.06.2015

Emne:	Møtereferat arbeidsgruppe HR HMT 100615		
Til stades:	Frode, Ruth, Jorunn, Irene og Gina		
Forfall:	Rikke og Arthur	Sak: 2015/3577-5	
Møtetid:	10.06.15 kl. 09 - 11	Møtestad: Wigandgården, Krinkelkroken	

Møteleiar: Frode

Referent: Gina

1. Referat frå møtet 27.05.15 vart godkjent.

Mandatet vart drøfta innleiingsvis. Til pkt. c): Korleis skal ein fordele mynde i ønska HR-praksis? Kva er forventingane til linjeleiinga og kva forventar linjeleiinga av HR? Irene tok opp at det skulle ha vore eit punkt der nokon tok over ansvaret når linjeleiinga ikkje fungerer på HR/HMT-området.

2. Skriv frå Arthur: «Områder som skolen vil ha standardisert som info i KP»

Skrivet vart gjennomgått og drøfta.

Synspunkt: Bra som utgangspunkt, men må kalibrerast mot internkontrollforskrifta.

Viktig at alle tilsette får lett tilgang til dokumenta.

Avgrensing: vårt HMT-system / HMT-praksis skal ikkje omfatte elevane.

MEN: Elevar skal tilgang til Arbeidsmiljøutvalet når ein handsamar saker som har verknad for elevane.

Åsane vgs skal ha gode rutinar på dette området.

3. Oversikt over HMT-dokumentasjon i HFK, jf. pkt. a) i mandatet

NB! Arbeidsgruppa ønskjer å nytte forkortinga «HMS» framfor «HMT» i det vidare arbeidet, og vil foreslå at dette vert gjennomført i HFK generelt.

Korleis skal vi rapportere kva for HMS-dokumentasjon vi har? Kva form skal dette kome i?

Frode tar på seg å setje opp ein tabell med alle HMS-dokumenta som ligg i dag, og med kolonne for kommentar og tilråding. I ein slik tabell kan det og vere plass til å leggje inn dokument som ein meiner manglar.

Kva manglar vi av dokumentasjon?

- Mal for lokal organisering av HMS,
- Mal for årshjul HMS
- Mal for prosedyrar brannvern,
- Mal for oversikt opplæring HMS
- Mal for oversikt verneombod/plakat
- Stort behov for revisjon av dokumentet «Organisering av arbeidet med helse, miljø og tryggleik»
- Fokus nærvær, gode relasjonar, helsefremming
- Rutine mobbing!! Korleis varsle? Kva skal leiar gjere?

Vurdere følgjande:

- Vernerunde skjema (dårlegare enn risikovurdering og saboterer...)

- Generell vernerunde som spørjeskjema i Kvalitetsportalen
Endre «HMT-fana» i Kvalitetsportalen til «HMS».

Frode sender ut skriv med forslag til nye faner i Kvalitetsportalen (vert vedlagt referatet).

Ønskje: Legge som val i Kvalitetsportalen «Registrere ny melding/avvik». Dette ville vært meir informativt og kunne auke kvaliteten på det systematiske HMS-arbeidet. Og: «Avvik interne rutinar» er for snevert når det gjeld mogleg lovbrøt.

Til neste møte, måndag 29. juni kl. 13.00: Alle leser gjennom dokument sendt ut 6. mai, som omhandlar oppgåvefordeling frå HMT til hhv. HMS og BHT (utsendt av Gina- vert vedlagt referatet).